

MØTEBOK

Sunnfjord Miljøverk IKS

Saksgang	Møtedato	Saksnr.	Frammøte
Styremøte SUM	12. februar 2021	4-21	3 av 5

J.nr
Arkiv nr. 4 – 120221 ref.meld.
Sakshandsamar Tjørhom

Einerettstildeling restavfall og organisk avfall

For å sikre behandling av restavfall og organisk avfall i 2021 bør styret i SUM tildele BIR Avfallsenergi AS einerett på behandling av disse avfallsfrakjonane. Dette vil være i samsvar med strategiplan og tidlegare styrevedtak knytt til behandling av restavfall og utvikling av SumTrans. Einerett er naudsynt for å kunne inngå avtale om behandling jf. anskaffingsforskrifta § 2 – 3. Returtransport av avfall blir i eigen avtale. Det har også blitt vurdert avtale som inkluderer transport begge veier, dette blir arbeida vidare med i løpet av 2021. Vi vil då få meir klarheit i kva for avfallstypar som kan inngå, samtidig som det blir vurdert å inkludere strategisk samarbeid.

Vilkår for tildeling av einerett

Tildeling av einerett skal kunngjerast ved at vedtak skal publiserast på SUM si heimeside. Då vil vilkåra i *Lov om offentlege anskaffingar* og unntaksføresegn i *Forskrift om offentlege anskaffingar* § 2 -3 være ivaretatt.

For at unntaket i § 2-3 skal kunne nyttast, må også desse fire vilkåra vere oppfylt:

- Organet som blir tildelt kontrakten må sjølv vere ein offentlig oppdragsgjevar i tråd med forskrifta § 1-2.
 - Både SUM, SumTrans AS og BIR Avfallsenergi AS er offentlegrettslege organ
- Det må vere tale om ei tenestekontrakt.
 - Behandling av avfall er eit tenestekjøp
- Organet må ha fått tildelt ein einerett på vedkommande tenesteområde i samsvar med lov, forskrift eller kunngjort forvaltningsvedtak.
 - SUM har fått tildelt einerett på handtering på avfall frå hushald
- Tildelinga må kunne sameinast med EØS-avtalen.
 - Tildelinga må kunne grunnjevast ut frå «tungtvegande allmenne omsyn». Tildeling av einerett for handtering av avfall frå hushald blir på generelt grunnlag ut frå dagens rettspraksis vurdert å være i samsvar med EØS-avtalen.
 - Miljødirektoratet har i brev til Klima- og Miljødepartementet av 9. oktober 2015 uttalt følgjande:
 - *Adgangen til å benytte enerett er veletablert i EU-retten og kan benyttes for å utføre oppgaver som skal dekke allmennhetens behov. Kommunal innsamling og behandling av husholdnings-avfall er slike oppgaver. Det er lagt til grunn i avgjørelser fra EU-domstolen, ESA og Klagenemnda for offentlige anskaffelser, og gjelder for alle EU/EØS-land.*

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Organisasjonsnr.
SUM IKS, Einestølen	Einestølen	57 72 41 50	NO 970.921.915mva
6815 Førde	Førde		WEB
E-Postadresse:	post@sum.sf.no		www.sum.sf.no

Grunngeving for tildeling av einerett

Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) har blitt tildelt einerett på innsamling og behandling av avfall frå hushald og eigarkommunane og elles alle dei lovpålagte oppgåvene eigarkommunane har omkring handtering av avfall frå hushald. SUM har moglegheit til å vidaredelegere eineretten til andre offentlegrettslege organ.

Eineretten omfattar utføring av kommunen sine lovpålagde oppgåver med grunnlag i ureiningslova § 29 tredje ledd og § 30 med underliggende forskrifter er nødvendig mellom anna for å sikre at renovasjonsoppgåvene blir løyst på ein føreseieleg, kontrollert og forsvarleg måte

SUM handterer avfall frå ca 30 000 innbyggjarar i tillegg til eigarkommunane og er avhengig av avsetnad på innsamla avfall. I 2019 var vår leverandør på behandling av restavfall nesten konkurs, noko som skapte usikkerheit omkring vidaresending av innsamla avfall. I 2017 gjekk RenoNorden konkurs, dette var eit selskap som samla inn restavfall frå våre abonnentar. Vi så da kor sårbare vi er viss underleverandørar får problem. I etterkant av denne hendinga skipa vi selskapet SumTrans AS som samlar inn avfall frå hushald og utfører andre transportoppdrag for SUM. Dette blei gjort for å sikre at oppgåva innsamling av avfall frå hushald blei gjort på ei føreseieleg, kontrollert og forsvarleg måte av omsyn til miljøet, her medrekna at kommunane sikrar leveringstryggleik og stabil drift.

For også å sikre same føreseielege, forsvarlege og tilstrekkelege behandlingsskapasitet for restavfall og innsamla organisk avfall vil vi tildele BIR Avfallsenergi AS einerett på behandling av desse avfallsfraksjonane. Transport til behandling vil bli utført av vårt dotterselskap SumTrans AS. Vi har då kontroll på heile prosessen frå innsamling til behandling av avfall saman med eit anna offentlegrettsleg selskap som også utfører lovpålagte tenester for sine eigarkommunar.

Det er strategisk viktig for SUM å sikre at innsamla avfall blir handtert føreseieleg. I tillegg vil transport av restavfall og organisk avfall i eige selskap utløyse investeringar i selskapet som gjer SUM i stand til å samle inn avfall frå gjenvinningsstasjonar og transportere andre avfallsfraksjonar til behandlingsanlegg.

Einerett sikrar også best miljømessig løysing sidan avfall blir sendt til det geografisk nærmaste behandlingsanlegget. Dette bidrar til reduserte CO²-utslepp. Dette er ei hensiktsmessig løysing for å bidra til oppfylling av nasjonale og europeiske mål om reduksjon av klimautslepp.

SUM har dei siste åra, som fleire andre avfallsselskap, opplevd utfordringar når det kjem til bruk av eksterne transportselskap, der sektoren har vore prega av fleire konkursar. Det har også vært saker der underleverandørar til SUM sine kontraktspartar ikkje driver forsvarleg. Ein tidlegare underleverandør til dagens kontraktspartnar mista for eit par år sidan transportløyva frå vegvesenet på grunn av alvorlege brot på køyre- og kviletid, manglande dokumentasjon, systematisk feilregistrering av timelister og manglande utbetaling av løn til dei tilsette. Som eit offentleg selskap som utfører lovpålagte tenester har SUM ei plikt til å sikre at underleverandørar som eit minimum oppfyller vilkår i allmenne tariffavtaler for sine tilsette. Dette er svært vanskeleg å kontrollere for SUM. I saka som det er referert til over tok det offentlege myndigheiter fleire år å avdekke forholda. I dag blir restavfall i hovudsak sendt ut av landet for behandling og det er praktisk svært vanskeleg å kontrollere om arbeidsvilkår og miljømessig handtering av avfallet blir ivaretekt. SUM har ikkje tilstrekkelege kontroll- eller sanksjonsmoglegheiter til å verken avdekke eller handtere slike kontraktsbrot. Sanksjonering av alvorlege brot vil i mange tilfelle innebere oppseiing av inngått avtale, noko som vil resultere i bortfall av underleverandør. Transport i eige selskap og tildeling av einerett for behandling sikrar at forhold til tariffavtaler og miljømessig behandling av avfall blir ivaretekt. Ved å tildele vald leverandør dei aktuelle oppgåvene gjennom einerett, sikrar SUM større kontroll med at oppgåvene blir utført og det gir stabil drift.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Organisasjonsnr.
SUM IKS, Einestølen 6815 Førde	Førde	Einestølen 57 72 41 50	NO 970.921.915mva
E-Postadresse:	post@sum.sf.no		WEB www.sum.sf.no

For å sikre korrekt og kontinuerleg handtering av restavfall og organisk avfall i kommunane, samt for å sikre kommunane sin kontroll i høve dette, blir det vurdert som nødvendig med tildeling av einerett til BIR Avfallsenergi. Ei tildeling av einerett er vidare nødvendig mellom anna for å sikre at renovasjonsoppgåvene blir løyst på ein føreseieleg, kontrollert og forsvarleg måte av omsyn til helse og miljø, her medrekna at kommunane sikrar leveringstryggleik, stabil drift og tilstrekkeleg mottaks-/ behandlingsskapitet.

Forbrenning av avfall frå hushald for å produsere fjernvarme er å anse som ei tenesteyting av allmenn økonomisk interesse, jf. EU-domstolens avgjersle i sak C-209/98. SUM samlar inn avfall frå hushald sjølv, men har ikkje eigne anlegg for forbrenning av avfallet. Oppgåva må derfor løysast gjennom avtaler med en ekstern aktør. Einerettstildeling til BIR Avfallsenergi AS er i samsvar med EØS-avtalen, her også med diskrimineringsforbodet i artikkel 4, fordi einerettstildeling er vurdert som nødvendig for å kunne utføre den lovpålagte oppgåva om behandling av avfall frå hushald på ei samfunnsstenleg, stabil måte med størst mogleg miljøgevinst sett i forhold til dagens alternativ for å løyse oppgåva. Forbrenningsanlegget til BIR Avfallsenergi i Rådalen i Bergen kommune er det nærmast forbrenningsanlegget som SUM kan nytte til forbrenning av avfall frå hushald. Alternativet er å transportere avfallet til forbrenningsanlegg i hovudsak ligger i Sverige som i dag. Einerettstildeling til BIR Avfallsenergi sikrar dermed mest mogleg kortreist avfall og hindrar dermed betydelege negative miljømessige konsekvensar. Einerettstildeling vil vidare hindre usikkerheit rundt kostnad og andre sentrale føresegn for tenesteutøvinga som vil vere vanskelegare å kontrollere ved konkurranseutsetting av oppgåva. Gjennom ein fast avtalepart for utføring av oppgåva vil SUM i også oppnå best mogleg kontroll på hele «renovasjonskjeda» i forbindelse med sin behandling av avfall frå hushald, noko som sikra ei sikker og stabil handtering av den lovpålagte oppgåva. Einerettstildeling er vurdert å vere proporsjonal i forhold til formålet, noko som også støttes av at liknande einerettstildelingar har blitt funnet lovleg av KOFA i sakene 2008/77, 2011/126 og 2012-157.

SUM står også ovanfor potensielt store investeringar i anlegg i tida framover, mellom anna relatert til mottak/behandling av matavfall. Ein einerett vil vere nødvendig også av omsyn til å sikre dei investeringar som er påkravd for at kommunane skal kunne ivareta sine lovpålagde renovasjonsoppgåver

Viss behandlingssløyting for restavfall og organisk avfall kjem til opphøyr vil det kunne medføre stor miljø- og helsemessige konsekvensar. SUM har difor eit behov for å ha kontroll med at dette ikkje skjer og å sikra at den lovpålagte plikten til innsamling og behandling av avfallet blir oppretthalde.

Grunngjevinga sannsynleggjer at tildeling av einerett for handtering av restavfall og organisk avfall er i samsvar med EØS-avtalen.

Forslag til vedtak:

Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS tildeler BIR Avfallsenergi AS einerett på behandling av restavfall og organisk avfall frå hushald og eigarkommunar jf. anskaffingsforskrifta § 2 -3. Eineretten gjed frå 1. april 2021 og til 31.12.2021. Behandling av avfallet skal kompenseras ut frå sjølvkostprinsippet jf. ureiningslova § 34.

Vedtak:

Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS tildeler BIR Avfallsenergi AS einerett på behandling av restavfall og organisk avfall frå hushald og eigarkommunar jf. anskaffingsforskrifta § 2 -3. Eineretten gjed frå 1. april 2021 og til 31.12.2021. Behandling av avfallet skal kompenseras ut frå sjølvkostprinsippet jf. ureiningslova § 34.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Organisasjonsnr.
SUM IKS, Einestølen	Einestølen	57 72 41 50	NO 970.921.915mva
6815 Førde	Førde		WEB
E-Postadresse:	post@sum.sf.no		www.sum.sf.no